



Arbeidet med garasjane er igang no.

**Geir Rustens prosjekt på Eikelandet med 8 kjedehus nærmar seg fullføring og vert karakteriserast som svært vellukka av mange i bygda. Det møter velvilje også på kommunalt hald. No har kommunen gjeve mellombels bruksløyve for dei 4 siste husværa, dei som ligg nærast sentrum i bygda. Bebygd areal pr. husvære er 80 kvadratmeter og prisen 2,5 millionar. Husa er i 2 1/2 høgd med hems på toppen og alle har garasje og sportsbod. No er arbeidet med garasjane igong.**

Det er Rustens heileigde selskap Vevos Entreprenør som står som tiltakshavar. Mellombels bruksløyve er gjeve på bakgrunn av gjennomføringsplan og oppdaterte teikningar. Garasje- og bodbygningar er ikkje ferdigmeldte førebels.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen